

Ordstyrar, Årsmøte, Æresmedlem og Gjester.

Endeleg er vi samla til årsmøte i Hordaland Bondelag igjen. Det har vore ein unormalt lang og hard vinter for mange, men vi kan sjå små tegn til vår. Vi kjenner vårløysinga på dårlege kommunale og fylkesvegar. Det dryp vatn frå taket, sola varmar i solveggen, knoppene står klare til skyting, sauene står lamtunge og ventar. Og vi ser vårtegn gjennom arbeidet i bondelaget. Vi går våren i møte, med godt mot!

Året vi har lagt bak oss har vore eit innhaldsrikt år på godt og vondt. Vi fekk etter kvart ei ny landbruksmelding som faktisk har ambisjonar som vi kan seie oss nøgde med, spesielt inntektsmålet som seier at vi skal redusera inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet.

Inntektsmålet vart avgjerande for brote i det påfølgjande jordbruksoppgjeret. Regjeringa følte ikkje opp måla i den nylege vedtekne stortingsmeldinga.

Vi aksjonerte over heile fylket. Den morgonen vi blokkerte dei tre grossist lagera i Bergen, med god hjelp frå våre kollegar i Sogn og Fjordane, var ei stor oppleving. Den gode stemninga blant aksjonistane, tomlane opp og forståelsen vi fekk frå transportørane og andre. Og ikkje minst fekk vi hovudoppslaga i heile nyhetsnorge!!

Det er slike dagar og opplevingar som gjev motivasjon til å kjempa for Hordalandsbonden i kvardagen!

Såga om jordbruksoppgjeret 2017 var ikkje over, stortingsfleirtalet ville sei si meining, men Venstre gjekk inn og berga deler av regjeringa sin politikk.

Avslutninga på den lange vårens eventyr, fekk vår Frøydis Haugen då ta del i. Etter at ho på Bondetinget vart vald inn i forhandlingsutvalet. Ho fekk med seg erfaring frå fordelingsforhandlingane som gjer at ho står sterkare når alvorret byrjar igjen denne våren, og ho kan gjera ein god jobb, for å sikra eit mangfaldig landbruk over heila landet.

Fordelingsforhandlingane enda, på sett og vis bra, dei hadde ein klar distriktsprofil øve seg, som gjorde at vi her vest kom greit frå det. Men dei vart etterfølgt at den verste sommaren i manns minne.

Regn, regn og atter regn. Nesten utan stopp. Gjennomvåte bakkar, kyr på bås som ikkje fekk koma ut. Halv tomme siloar, øydelagde grøfter, svarte bakkar, uhausta bakkar. Trailer på trailer med dyre rundballar frå austlandet, Sverige og Nederland.

Dette har kosta, det har kosta mange av oss, søvnlause netter, frustrasjon og store pengebeløp, som vi aldri får igjen. Heldigvis, det går mot vår igjen.

Vi har eit nytt storting, ei ny mindretalsregjeringa og eit KRF som sit med den store jokeren.

Hørgre, FRP og Venstre har fått mykje negativ merksemd rundt regjeringserklæringa si. Og det med rette. Men det finnest og positive vinklingar, «*Regjeringa vil ta vare på det unike ved norsk matproduksjon som lav medisinbruk, høg dyrevelferd og en lang verdikjede.*» Dette er noko vi sjølv sagt er samde i!

*«Regjeringa vil føre en politikk som gir **insentiver** til mindre utslipp og nødvendige klimatiltak i landbruket.»*

Landbruket er nøyd til å ta sin del på klimaarbeidet. Det vi gjer, er ikkje avgjerande for klimautsleppa i den store verden. Men vi kan vera i forkant og utvikla tiltak for matproduksjonen, i ein retning som andre kan ta etter oss og føre til at utsleppa over heile verda vert redusert.

Regjeringa vil føre ein politikk som gir insentiver, skriv dei. Når eg googler ordet insentiver, får eg opp fylgjande forklaring frå det store norske leksikon:

*Et **insentiv** er noe som motiverer mennesker til handling. **Insentiver** kan påvirke adferd og valg gjennom å gjøre et alternativ mer å foretrekke enn et annet. Det skilles mellom ytre **insentiver** og indre **insentiver**. Ytre **insentiver** kan for eksempel være belønning i form av økonomisk gevinst.*

Når eg tolkar dette med, vel og merka med positive briller på, kan det her vera moglegheiter for gulrot og ikkje pisk.

Det er vi på Vestlandet som kjenner hardast på klimaendringar og auka nedbørsmengder. Kanskje gir insentivene her, moglegheiter for Hordalandsbonden no, til å få meir midlar til eit styrka klimaarbeid?

Vi er nøyd til å finna positive tolkingar og uttrykk i erklæringa og bruke dei for alt dei er verdt i konfrontasjonen med regjeringa. Vi må utfordra dei til å levera på det som faktisk er positivt i erklæringa.

Nedbørsmengda har auka med 20 % på 100 år. Prognosane for dei neste 100 åra er ein auke på nye 20-40 %.

Sommaren i år har vist oss kva utfordringar auka nedbørsmengder vil gje oss. Utfordringa ligg i korleis vi skal klara å ta vare på og nytta oss av den viktigaste ressursen vi har, arealet vårt. Matjorda vår.

Det er den jorda, vi som bønder lever av økonomisk og det er den same jorda samfunnet er heilt avhengig av for å overleva.

Vi treng då verkemiddel som gjer at vi kan klara å ta vare på jorda, for framtidige generasjonar, men også for at vi skal kunna hauste store kvalitetsavlingar i åra framover.

Areala er i hovudfokuset på innspelet vårt til årets jordbruksoppgjer. *«Det hastar med å få tilgang til investeringar som kan ruste opp att jordvegen. Dette er både jordvern, beredskap, klimasmart hushold, god agronomi med meir».*

God agronomi er eit av dei beste klimatiltaka. Det vil både vi som bønder og samfunnet tjena på. Konkret så ynskjer vi blant anna ei kraftig styrking i grøftetilskotet i arealsonene 5-7, frå 2000 kr i dag til 6000 kr per dekar.

Regjeringa er tydelege, på at bonden må sleppast fri, han må få næringsfrihet, produsere det han sjølv vil.

Det kom som eit sjokk på heile pelsdyrnæringa då regjeringserklæringa seier tydeleg at pelsdyrsopprett skal forbys. Det er ei lovlig næring. Kva blir det neste? Bondelaget er klar på at kampen mot ei avvikling skal kjempast.

Temaplan for landbruk i Hordaland skal fornyast no. Bondelaget har sete i ei samrådsgruppe med småbrukarlaget, Innovasjon Norge, fylkeskommunen og fylkesmannen. Vi meiner vi har lagt fram eit godt forslag til ein god temaplan som skal gjelda frå 2018-2022. Den skal vedtakast i fylkestinget.

Overraskande nok, så har den fått mykje merksemd i utvala den har vore innom, den har skapt engasjement og debatt.

Det viser at fylkespolitikara faktisk har eit engasjement for landbruk og matproduksjon. Men eg må sei eg er noko overraska over partiet Venstre. Dei vil ha planen ut på høyring, det er noe ein ting. Men om dei ikkje fekk den ut på høyring, så har dei blant anna fylgjande forslag: *«Fylkestinget meiner at bruken av støthalsband som NoFence kan vere problematisk med omsyn til dyrevelferd. Fylkestinget ber difor administrasjonen innhenta uttale om bruk frå dyrevelferdsgrupper.»*

Hallo!! Nofence er grundig utprøvd på det dyreslaget det no er godkjent for, geit. Og godkjenninga er baserte på faglege og grundige vurderingar frå NMBU på Ås og Mattilsynet.

Har ikkje partiet Venstre tiltru til Mattilsynet og deira faglege vurderingar? Vi kan ikkje drive eit aktivt landbruk som er styrt av følelsar og dyrevelferdsgrupper.

Dyrevelferden må sikrast gjennom kunnskap og tilsyn frå Mattilsynet.

Vi er blant dei landa i verda med best dyrevelferd. Vi skal ha den beste dyrevelferden i verden. Vi kan ikkje berre snakka om det og skryte av det. Vi må ha det i praksis og. Vi må alle ta eit ansvar sjølve for å sikre dyrevelferden på eigen gard. Og så må politikken legge til rette for at vi skal klare å oppfylgje krava til oppstalling og lufting. For det kostar å ha verdas beste dyrevelferd og lågaste antibiotika bruk.

År 2034 er året der lausdriftskrava trer i kraft. Ja det er mange år til endå. Men i 2024, som kun er 6 år til kjem det strengare krav til oppstalling av storfe. Blant anna krav om fødebingar og meir lufting.

I Hordaland er framleis kun 25 % av hentepunkta til tankbilen som er i frå lausdrift. Det er 75 % som ikkje har lausdrift. Skal vi klara å oppretthalda mjelkeproduksjonen i Hordaland etter 2024/2034 må driftsapparatet fornyast. Produsentane i Hordaland ligg spreidd over heile fylket, der arealet ligg. Skal vi ha eit landbruk over heile landet eller heile fylket, så må vi produsera mjelka der arealet ligg. Vi kjører allereie meir enn nok med møk og rundballar langs vegen.

Mange er tydelege på at det skal satsast på små og mellomstorebruk. Dette må vi og vera tydeleg på. Vi satsa på små og mellomstore bruk, 15-30 kyrs bruk.

Denne satsinga er avgjerande for å oppretthalda bærebjelken i Hordalandslandbruket. For å få ei satsing på små og mellomstore bruk, må det koma midlar frå staten, store midlar. Vi treng ei kraftig auke i investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge. Og vi treng å auka tilskotsprosent til minst 40 %, på dei mindre bruka for å få god økonomi i gardsdrifta etter investeringa, som tross alt er avgjerande for at vi skal få ei fornying.

Det har i mange år pågått eit mjelke- og storfe prosjekt i Hordaland, dette vart avslutta ved nyttår. Dette prosjektet har vore avgjerande for mange av fornyingane og investeringane som har vore gjort i Hordaland dei siste 10 åra. Etter sterkt påtrykk frå blant anna Bondelaget er prosjektet utvida eit år. Og eg ser no at det skal vera fagsamlingar i desse dagar rundt om i fylket i regi av mjelkeprosjektet. Hovudfokuset er på små og mellomstore bruk.

Grunnen til at prosjektet kun er utvida med eit år, har med regionreformen å gjera. For allereie ved neste nyttår har vi felles regional landbrukspolitikk med Sogn og Fjordane. Då har vi ein felles landbruksdirektør, felles pengepott og felles retningslinjer for Innovasjon Norge, RMP også vidare. Denne politikken og retningslinjene vert det jobba med no, for å samkjøra fylka våre.

Norske forbrukarar og industri importerer mjelkeprodukt tilsvarande 300 millionar liter kvart år. Til samanlikning produserer vi i Hordaland ca 75 millionar liter årleg. Tollvernet vert svekka kvar einaste dag. Etter påske vert det nye frihandelsmøter mellom EFTA landa, som Noreg er ein del av og Merco-sur. Merco-sur landa er Brasil, Argentina, Uruguay og Paraguay.

Norge sin forhandlingsleiar innanfor Landbruk seier til Bondebladet, at noko må vi gje. Og det er på landbruk vi har mogelegheit til dette. Spesielt på frukt og grønt, fordi her er det eit svakt tollvern frå før. Dette her er alvor. Skal vi ha matproduksjon over heile Norge, så må importvernet styrkast, ikkje svekkast.

Som ein liten kuriositet, så seier den same forhandlingsleiaren om norsk landbruk i møta med Merco-sur : «*Det er små bruk i Norge, mye vinter, og dårleg vær, og brattlendte bruk*» Regjeringa veit faktisk korleis vi har det!

Hordaland og Sogn og Fjordane vert eit fylke, anten ein vil eller ikkje. Vi i Hordaland Bondelag er nøyd til å samarbeida endå meir og endå betre med våre naboar i nord enn vi har gjort til no.

Konsekvensane for Hordland bondelag i denne samanheng, skal vi kome tilbake til seinare i møtet.

Gode utsendingar og bondelagsmedlemmer. Det er vi som må kjempa kampen denne våren og. Ikkje mot været, der har vi fint lite å stilla opp med. Men på den politiske sida.

På alle nivå.

Lars Petter, Frøydis og dei andre som arbeider frå Oslo gjer sin del. Men dei har ingen mogelegheit til å få gjennomført våre krav og ynskjer om vår framtidige landbrukspolitikk, utan hjelp i frå oss.

Vi må prøva å stå best mogleg samla, innad i organisasjonen vår, for er det noko regjeringa vil, så er det å splitte oss. Klarer dei det, tapar vi.

I tillegg har vi ei stor oppgåve i, å snakka med lokale politikarar, fylkespolitikarar, stortingspolitikarar og andre som har påvirkningskraft mot regjeringa og stortinget.

For eit press frå lokalpolitikarar og fylkeslag kan vera avgjerande for kva politikk som vert gjennomført og kva resultat vi får gjennom jordbruksoppgjeret.

Kva er det vi kjempar for? Jo, vi kjempar for vår eksistens, for å oppretthalda matproduksjonen over heile fylket vårt, i kvar ein dal, på kvart eit næs, vi kjempar for å halda alt areal i drift. Arealet i Hordaland kan aldri sentraliserast!!

Og detta skal vi klara. Men vi treng kvar einaste av dykk, for å oppretthalda produksjonen på minst dagens nivå! Vi treng bønder over heile fylket.

Når vi no blir eit Vestland, så bør Lars Petter Bartnes notera seg, kva vi faktisk levere av råvarer og produkt frå den våtaste og mest tungdrevne delen av landet:

12 % av kumjelka, 23 % av geitemjelka, 10 % av storfekjøttet, 17,5 % av lammekjøttet. 45 % av epla, 73 % av morellar og 66 % av bringebæra.

Detta skal vi jaggu vera stolte av!! Og så må vi heller ikkje gløyme at produksjonen vår skjer på dei minste teigane i landet!!

Eg er stolt over det vi får til her vest! Da skal dåke også vera!

Dei små teigane våre på nya Vestlandet utgjer totalt 823 687 dekar jordbruksareal. Dette er vår del av jordbruksarealet i Norge på vel 3 % av totalarealet. Det er arealet som ofta er minimumsfaktoren, når ein skal auka produksjonen i Hordaland. Så vi har ikkje jord å gje til andre formål. Vi treng eit endå sterkare jordvern enn det som er vedteke i stortinget. Vi treng eit sterkt juridisk vern av matjorda vår.

Gløym heller ikkje kor viktig du som bonde er i samfunnet vårt. Du er ei avgjerande brikke for at samfunnet skal fungere slik det gjer i dag. Dette får vi håpa Bartnes og co klarar å overbevise Erna om, slik at vi kan enda opp med eit godt jordbruksoppgjer!

Resolusjon er noko ein ofte har sendt ut etter eit årsmøte. Vi ynskjer å vri dette i ein annan retning i år, for vi har Maria, som er ein hylar på sosiale media. Ho er villig til å legge ut gullkorn og andre viktige ting som vert sagt i årsmøte på sosiale mediar undervegs i møte.

Når våren no endeleg kjem, så kjem den ufatteleg raskt. Vær klar, brett opp ermene, både for det du skal gjera på jorda di heime, mellom fruktrea og for det du skal gjera for dine kollegar gjennom arbeidet og kampen for eit godt jordbruksoppgjer, som skal sikra eit landbruk øve heila landet, der alt areal vert nytta!

Lykke til med årsmøtet!